



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
14/1605-3/K2-A40//SIRPET

Stad/Dato:
27.10.2014

UTTALE VEDKOMANDE SØKNAD OM GODKJENNING AV NORGES REALFAGSGYMNAS AS

Bakgrunn:

Øygarden kommune mottok 24.10 slik e-post frå Hordaland Fylkeskommune ved rådgjevar/jurist Sunniva Schultze Florey: *Viser til telefonsamtale i dag og ber om uttale vedkommande søknad om godkjenning frå Norges Realfagsgymnas AS. Saka skal handsamast av Fylkesutvalet torsdag 30.10. Vedlagt følgjer saksframlegget og i lenkja følgjer møteprotokoll frå Utval for opplæring og helse.*

Utfyllande spørsmål, 24.10, frå Øygarden kommune, 24.10:

- om overstigen uttalefrist (7.okt)
- om HK forventar politisk eller administrativ uttale
- om vedtaket som Opplærings- og helseutvalet gjorde i møte 21.10
- om ein privat aktør på Sotra vil kunne gje tilbod til søkjarar som elles kvar morgon må reisa over Sotrabrua til studieplassar nærare Bergen
- om Fjell, Askøy og Sund har fått søknaden til uttale
- innstillinga frå fylkesrådmann viser til overkapasitet i Stor-Bergen. Saksutgreiinga seier ikkje noko om kapasitet på Sotra Vidaregåande sett i forhold til søkjarar frå Sund, Fjell og Øygarden

Svar frå Sunniva Schultze Florey, 24.10:

Det stemmer at uttalefristen til Utdanningsdirektoratet var 7. oktober. Fylkeskommunen har sendt uttale med atterhald om endringar etter politisk handsaming. Det var i møte for Utval for opplæring og helse at politikarane bad om uttale frå kommunen før saka skal handsamast i fylkesutvalet 30.10, sjå lenke i førre e-post om vedtak frå utvalet. Fjell kommune har tidlegare uttalt seg om saka, mens Sund kommune fekk søknaden til uttale i dag. Askøy har ikkje vorte beden om uttale. Me forventar ikkje ei politisk handsama uttale, ei administrativ uttale held.

Utfyllande bakgrunnsinformasjon frå Øygarden kommune:

Besøksadresse	Postadresse	Konto.nr.	Org.nr.	Telefon	Telefaks	E post
Øygarden rådhus	Ternholmvegen 2, 5337 RONG	1503 23 43969	938 766 223	56 38 20 00	56 38 22 31	postmottak@oygarden.kommune.no

Øygarden kommunestyre gjorde, 19.09.12, følgjande vedtak i sak 075/12: «Høyringsbrev «Skole- og tilbodsstruktur for framtida- Skolebruksplan Hordaland Fylkeskommune 2012 - 2025»:

Øygarden kommunestyre sluttar seg til «Skolebruksplan Hordaland Fylkeskommene 2012-2025» og ser skulebruksplanen, under eitt, som heilskapleg og framtidsretta.

Det same gjeld forslaget om å styrka Sotra Vidaregåande skule, Bildøy, med større elevkapasitet, fleire parallellar og breiare fagtilbod. Noko som også vil gje elevane frå Øygarden eit meir variert fagtilbod og kortare reisetid til den vidaregåande opplæringsstaden enn dei har i dag.

Elektrotilbodet på Sotra vert oppretthalden.

Studiespesialisering med formgjeving vert oppretthalden.

Service- og Samferdsle og Påbyggingsklassane vert oppretthalden.

Administrativ uttale frå Øygarden kommune

Elevane frå Øygarden går i dag på Sotra Vidaregåande på Bildøy, i avdelinga i Sund, og på skular i Bergen. Rådmannen er opptatt av at fleire parallellar og breiare fagtilbod på Sotra kan gje fleire elevar frå Øygarden eit meir variert tilbod og kortare reisetid til læringsstaden enn dei har i dag. Om etableringa av skuleplassar skal vera privat eller offentleg, tar ikkje rådmannen stilling til. Berre at det er positivt at det kjem etablering av eit tilbod som stettar elevane sine behov. I lys av dette stiller rådmannen seg positiv til etableringa av realfagsgymnas.

Saka burde vore førelagt kommunane i god tid før uttalefrist 07.10, slik at Øygarden kommune hadde høve til å gje politisk uttale.

Med helsing

Siri Fahlvik Pettersen
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur